

## DNA-kartlegging av eplepollinering

**Dei fleste eplesortane vil ha krysspollinering frå ein anna sort. Pollensorten må blomstra samtidig og samtidig kunne være kompatibel for morsorten. Gjennom registrering og prøveuttak av ulike sortar i dyrkingsfelt kan moderne DNA-analysering avsløre kva sortar som eignar seg best.**

*EPLEpollinering:* Rett pollinering for auka fruktsetjing, større avling og betre frukt kvalitet i eple er eit prosjekt finansiert av Noregs Forskningsråd der NLR Viken er prosjekteigar i samarbeid med fruktlagera i landet. NIBIO Ullensvang er FoU ansvarleg i samarbeid med universitet på Balkan. Prosjektet går over fem år og starta opp i 2020, slik at dei endelege resultatane må komme seinare i prosjektperioden.

Bakgrunnen for prosjektet er å kunne ha sikrere tilråding av pollensortar til våre vanlegaste eplesortar. Det er gjort fenologiske registreringar av åtte eplesortar og fire prydeplesortar i 2020 og 2021. Fenotypen til sortane er kartlagt ved bladprøvar i 2020. Eplekjernar av dei ulike sortane vart teke ut i 2021 og vil verta teke opp at i 2022 for å bestemma kva som var pollensortane ved hjelp av DNA-analysar (farskaptesting). Under blomstringa i 2022 skal det i tillegg gjennomførast kontrollerte kryssingar

**Åtte eplesortane:** Asfari, Julyred (to felt), Discovery, Summerred, Gravenstein, Aroma, Elstar og Rubinstep.

**Fire prydeplesortar:** Dolgo, Evereste, Kobenza, Golden Hornet




*Bilete: det er hausta 5 eple frå 3 tre, til saman 15 eple. Trea er merka for seinare år. Eplesteinane blir plukka ut ved NIBIO Ullensvang og sendt til DNA-analysering ved ein av samarbeidspartnarane i prosjektet.*

Tabell viser fenologiske observasjonar hjå ulike eplesortar på austlandet i 2021

## Frukt

BBCH	9/ 53	10/ 54	56	59	65	69	72	73	74	87
Asfari	17/4	20/4	11/5	22/5	25/5 -1/6	8/6	22/6	29/6	5/7	7/9
Julyred	17/4	20/4	11/5	22/5	25/5 - 4/6	8/6	22/6	29/6	5/7	10/8
Dis- covery	15/4	20/4	11/5	17/5	18/5 - 27/5	1/6	11/6	29/6	5/7	25/8
Summer- red	15/4	20/4	4/5	17/5	18/5 - 27/5	1/6	15/6	29/6	5/7	7/9
Gravsen- stein	15/4	20/4	4/5	17/5	16/5 - 27/5	3/6	15/6	29/6	5/7	7/9
Aroma	27/4	30/4	14/5	21/5	22/4 - 3/6	11/6	18/6	2/7	5/7	17/9
Elstar	17/4	27/4	11/5	21/5	25/5 - 3/6	11/6	18/6	5/7	13/7	21/9
Rubin- step	27/4	4/5	11/5	21/5	22/5 - 3/6	8/6	15/6	29/6	13/7	28/9

BBCH: Grøn spiss 9/53, Musøyre 10/54, Tettklyngje 56, Ballong 59, Blomstring 65, Avblomstring 69, Duna kart 72, Kartfall 73, Glatt kart 74, Hausting 87



Figuren viser tilvekst hjå ulike sortar i tida duna frå kart fram mot hausting 2021.